

Til Eldrerådet

Som tenesteleiar for institusjonen ynskjer eg å melde inn ei bekymring angående tannhelsetenesta for mottakarar av helse-og omsorgsteneste.

Etter at tannlegekontoret på Sande vart redusert, eller nærare sagt lagt ned, opplever ein at tilbodet frå den offentlege tannhelsetenesta er redusert. Dette medfører vanskar med å oppretthalde ei akseptabel oral helse. (-målsetjinga til den offentlege tannhelsa-)

Har ved fleire høve purra på screening av pasientar, noko som er fastlagt ein gong i året gjennom avtalen vår. Dette var aldri eit problem når tannlegane var på Sande. Alle pasientane vart undersøkt, dei som trong nærare oppfølging fekk time i nær framtid på Sande.

For ein pasient er det stor skilnad på det å ha time på Sande tannlegekontor, kontra det å reise til Førde. Sjukeheimspasientane har i utgangspunktet redusert helse. Å reise til Førde er ei belastning for mange, dei blir fort forvirra, noko som kan bli verande over tid.

Pasientar som har tannverk eller som har mista tenner, får i dag tilbod om time i Førde. Til tider tar vi eller pårørande kontakt med det privatpraktiserande kontoret på Sande for time, fordi ein meiner at reisa til Førde blir for belastande. Dette må pårørande/pasienten sjølv betale for.

Vi har ikkje stabil tilgang til tannlege. Det har ikkje vore kontordagar på Sande så langt i 2017. Eldre brukarar blir i praksis ikkje prioritert.

MVH

Anita Eide Kvamme